

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	02.05.2022
Vår referanse	2022/50043-3
Dykkar referanse	22/1123 - 22/26002
Sakshandsamar	Tone Bøyum
E-post	Tone.Boyum@vlfk.no
Telefon	47781807

Uttale - Dispensasjon - Vesentleg terrengeinngrep - Fv. 57 Lindåsvegen - Gnr 163 bnr 2 - Espeland - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg viser til brev mottatt 05.04.2022, dykkar referanse 22/1123 – 22/26002.

Saksopplysningar:

Saka gjeld søknad om vesentleg terrengeinngrep med deponi av massar for å etablere fulldyrka jord på eigedomen gnr. 163 bnr. 2 i Alver kommune. Eigedomen ligg langs kommunal veg, med tilkomst til overordna transportnett om fylkesveg 57 Lindåsvegen.

Eigedomen er avsett til LNF-føremål jamfør Kommunedelplan for Lindås. Det er søkt om dispensasjon fra plankrav, dispensasjon for bakkeplanering av areal over 1 daa, mellombels tiltak i LNF – område, samt minste avstand til vassdrag.

Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde, jf. pbl. §19-1. Vi har og klagerett i slike saker. Vi uttalar oss i dette brevet som vegstyresmakt med ansvar for drift og forvaltning av vegnettet.




Fig: Utdrag av reguleringsplan Rv. 57 Espeland – Herland (2004) til venstre, og situasjonsplan vedlagt søknaden til høgre.

Uttale:

Eigedomen har tilkomst til overordna vegnett ved kryssområde mellom fylkesveg 57 og kommunal veg Krokjen, like før Espelandstunnelen. Parsellen som skal utfyllast ligg langs kommunal veg, som tidlegare var klassifisert som riksveg. Alver kommune har ansvar for drift og vedlikehald, medan Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune framleis står som eigar av strekninga. Langs den

kommunale vegen og i tilknyting til landbrukseigedomene er det opparbeidd eit parkeringsareal med tilknyting til kollektivhaldeplass langs fylkesveg 57. Vi legg grunn at strekninga utgjer det langsgåande tilbodet til fv. 57 for syklistar, og at det er ein del mjuke trafikantar på strekninga.

Tiltaket har ei utstrekning på 3,3 daa. Det er opplyst at det er mogleg å disponere om lag 4000m³ massar, noko som utgjer rundt 400 lastebillass. Til søknaden er det oppgitt at driftstida vil vere eit år frå tiltaket er godkjent. Innkøyring av massar vil vere på vekedagar mellom 07:00 og 17:00. Massane vil stort sett kome frå nærområdet.

Tiltaket ligg innanfor byggjegrense langs veg, og dels innanfor fylling til den kommunale vegen. Det er kommunale vegmynde som må avgjøre om dette er levert tilfredsstillande dokumentasjon for tiltaket til å dispensere frå byggjegrensa, og om avkøyrsla som skal nyttast er utforma i samsvar med handbok N100. Vi vil ikkje ha merknader for det som gjeld byggjegrense langs fylkesvegen. Vestland fylkeskommune ber likevel at forhold som gjeld drenering vert vektlagt i den vidare prosessen, slik at vatnet frå bekken renn fritt som i dag, og at eventuell anna drenering i området heller ikkje vert påverka negativt.

Tiltaket har ei relativt avgrensa driftsperiode, samt at det ikkje er større mengder masser som skal transporterast. Vestland fylkeskommune som samferdslemynde har etter ei samla vurdering ikkje vesentlege merknader til tiltaket.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Tone Bøyum
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift